



**Det var ikkje så uvanleg i tidlegare tider at dei rei til butikke nfor å handla. Desto meir sjeldan er det i våre dagar og det vekte oppsikt idag då 3 jenter til hest kom til SPAR for å gjera dagens innkjøp. Dei hadde ridd heilt frå Rød og skulle attende same vegen. Det blir vel ein uttridd distanse på minst 6 kilometer?**

- Vi gjer det av og til, svara jentene på spørsmålet om dei rir til SPAR ofte  
Som ein forstår er dei hekta på hest som mange i Uskedalen og dei 3 som vi traff idag eig til og med hestane sine.

Systrene Malin og Karoline Kjerpeseth rei på Shessa medan Andrea Hjelmeland rei på Dimma.

Det var godmodige og koselege hestar sjøl om dei freista å eta opp notatane til reportaren.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen